

## **”PLATTFORM” - Mål og innhald for Flem SFO:**

SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, Fungsjonsnivå og interesse hjå barna. Aktuelle aktivitetar kan vere:

- Leik
- Nærmiljø
- Arbeidsoppgåver
- Estetiske aktivitetar
- Frie aktivitetar

Ved Flem SFO har vi no i nokre år arbeidd etter ei “plattform” som vi har utarbeidd etter ein del år med erfaring. Desse punkta meiner vi er med på å kvalitetsikre det arbeidet vi gjer ved vår SFO. Plattformen er delt inn i fire hovudpunkt:

### **1. FRITID:**

**SFO HAR ANSVAR FOR FRITIDA TIL BARN. DEI HAR KRAV PÅ**

- Tid og høve til å utvikle sjølstende gjennom leik uten at vaksen overstyrer
- Høve til ro og kvile etter undervisning
- Aksept for at undervisningsprega innlæring i over 5 timar er nok
- Samvere med vaksne som er opptekne av at barn skal oppleve fridom

### **2. TRYGGLEIK OG OMSORG:**

**BARN MÅ OPPLIVE TRYGGLEIK OG OMSORG FOR Å KUNNE BRUKE ENERGI PÅ SI EIGA UTVIKLING.**

- Faste rutiner er ikkje det same som tryggleik
- Vaksenstyring fører ikkje nødvendigvis til meir tryggleik
- Barn har rett til å prøve ut grenser hos dei vaksne
- Barn må få eige sine egne konflikter, dermed også få lov til å prøve å løyse dei sjølve
- Å vere tilgjengeleg for barn er ikkje det same som å alltid vere der barn leikar og ferdast

### **3. IDENTITET OG SAMKJENSLE.**

**SFO MÅ VERE MED PÅ Å GI GODE RELASJONAR I LOKALMILJØET.**

- SFO kan ikkje løyse sine oppgåver ved berre å arbeide på skulen sitt område
- Barn treng element som gir grunnlag for samhold, solidaritet og gode røter i oppvekstmiljøet sitt

### **4. NETTVERKSARBEID OG SOSIALISERING:**

**SFO MÅ IKKJE HINDRE EI NATURLEG OPPBYGGING AV NETTVERK FOR DET ENKELTE BARN. VENNSKAP OG SAMHANDLING ER “HOVUDFAG” I SFO.**

- SFO må leggje til rette for god kontakt mellom alle barn lokalt, også barn som ikkje nyttar tilbudet
- Tilsette i SFO må ha som oppgåve å vere med på å utvikle den sosiale kompetansen til elevene